




Månadsbrev mars 2023

I februar markerte me samane sin nasjonaldag, ungdomstrinnet hadde besøk av Den kulturelle skulesekken og 1.-7. klasse hadde det heilt supert på den store skulekinodagen. Lurer de på korleis filmen var, kan de lesa 1. og 2. klasse sine bokmeldingar på veg inn til SFO-rommet. Mellomtrinnet er framleis med i Skogleikane runde 2 og prøver å koma til finalen. Lukke til! Abeldag var ein god start på vinterferie med mykje matematisk aktivitet og sol frå blå himmel!

Ny månad byrjar med nytt besøk i den kulturelle skulesekken. Måndag 6. mars skal 1.-4. klasse få ei historisk innføring i "Do - ei stinkande reise" ved Pia Strømstad.



Måndag 13. mars reiser alle ungdomsskuleelevane, ti foreldre og tre lærarar til Estland for å besøka Väike-Maarja Gümnasium og oppleva Väike-Maarja by og området rundt i fire dagar. Dermed går den veka fort, og veka etterpå skal 9. klasse på skulen på måndag før det er to dagar hospitering og to dagar arbeidslivspraksis. Her må ein skaffa seg ein stad å jobba så fort som råd! Alle andre har fire gode læringsveker å sjå fram til!



21. mars er det møte både i SUR og Sinnes SU og SMU, før det plutseleg er påskeferie og ny månad...

GOD PÅSKE!

Sinnes 01.03.23, Åse-Berit (rektor)

